Hallingprøva 2022 (18-20 mars)

Hallingprøva vart arrangert for fyrste gong i 1985 og med berre ei avlysing (pga pandemien) var dette Hallingprøve nr 37. Prøveleiar i starten påsto at Vår Herre var glad i oss jaktprøvefolk,- «berre sjå på været». Då kan me konstatere at me framleis har Vår Herre med oss for han ga oss ei forsmak på eit optimalt påskevær denne helga. Og med det mykje og til dels samarbeidsvillige ruper i dei fleste terrenga. Føret var stødig for både to- og firbeinte der det som vanleg var krevjande i bjørkeliene og lettgått i høgdene. Lite snø og dermed ein del barrabbar gjorde at det var like spennande å gå i høgdene som i bjørkeliene. Me har eit bestemt inntrykk av at det vart ei vellukka prøve, ialle fall var det mange positive attendemeldingar.

Gjennomføring.
Påmeldinga var urovekkande stor (over 400 når fristen gjekk ut) og oversteig kapasiteten vår med mange parti. Me hadde lagt opp til 3 dagars VK, men her var ikkje påmeldinga stor nok. I tida fram til prøvestart minka ventelistene og dei fleste som optimistisk kom på opprop fekk vera med ut. Det var tilsaman 270 startande pluss 16 i VK finale. Fredag var det ute 6 kvalitetsparti, laurdag 3 VK kvalifiserings - og 5 kvalitetsparti og på sundag VK finale pluss 5 parti i kvalitet. Og premieringsprosenten vart høg,- totalt for prøva 22,4%. Fordelinga i kvalitet med UK 38,5% og i AK 12,3% viser vel at det var nok fugl i terrenga og vel så det. VK hadde full premieliste i finale der det er registrert i alt 22 fuglearbeid (FA) og dei 3 fyrste på premielista har tilsaman 14 FA. Litt å halde styr på for dommarar (og bakdommarar) her. Det var litt vanskelegare og få dommarar en tidlegare, men me klarde målsettinga om to dommarar på alle parti til slutt. Heile 5 dommarkandidatar tok elevarbeid i løpet av helga og det lovar bra for rekrutteringa. Heldigvis har me ein stabil gjeng med dyktige dommarar som stiller opp for oss. Morten Løken var NKK representant og fekk ingen spesielle utfordringar.

Tusen takk til:
Velvillige grunneigarar og terrengleigarar, positive og trivelege deltakarar. Og ikkje minst takk til alle dommarar og dommarkandidatar som stiller opp på ein positiv og engasjerande måte.

Rolf Mykkeltvedt for god hjelp med terreng

Sponsorane våre: Vigor & Sage
Bolig og eiendomsutvikling
Sport 1 Geilo

Prøveleiar Marianne Sagstad som hadde full kontroll under heile prøva.
Med i sekretariatet var Merete Vik Ottesen, Sissel Ellingsplass og Henrik Søgaard
I prøvekomiteen: Øyvind Olstad, Bjarte Søgaard,Bjørn Sletto, Jan Are Gildestad, Odd Harald Sørbøen med fleire.